

Med denne dobbel-CD-en fullbyrdar Sturla Eide *Slåtter*-prosjektet sitt med målet lydleg å dokumentere kjernerepertoaret etter Ragnvald Bolme og springleiksamlinga etter Peter Wessel. Resultatet er blitt ei omfattande samling der heile 52 slåttar no er gitt ut på album 2 og 3. Trygve Brøske er med på solopiano på fem slåttar, noko som gir fin variasjon. Utfyllande opplysningar om kjelder manglar, men det finst på album 1. Dei tre albuma framstår såleis som ei eining. Underteikna vel likevel berre å omtale album 2 og 3, sidan album 1 har vore meldt før.

Eide har gjort eit verdifullt arbeid med å leite fram og gjere tilgjengeleg ei mengd fine slåttar som elles ville ha vore i fare for å forbli gøymde i samlinga eller bli gløymde. Like eins er den musikantiske innsatsen imponerende: Det er gjennomgåande velspelt med intensitet, driv og ein stor grad av personleg integritet bak valet av stilistiske grep. Det sistnemnde bidreg til den stilmessige spreinga i materialet, like mykje som det er slåttane sjølve som er ulike i karakter. Her er det tydeleg to sider av saka, for Eide lar karakteren i sjølve slåttene diktere spelestilen. Dette er ein klår styrke og syner prov på ein kreativ spelemann med autoritet og musikalsk overskott. Ein kan innvende at det er variasjon i korleis Eides møte med slåttane fungerer. Best lèt det i raske springleikar med tydeleg driv og framdrift der rytmiske utsvevingar og svulstige fraseringar gir etter for ein urørleg dansesving. Eit unntak er «Springleik nr. 38», der den meir stillfarande og lyriske tilnærminga fungerer godt.

Ei anna kjelde til variasjon er vekslinga til hardingfele på slåttane etter Ragnvald Bolme. Tilnærminga til Eide er likevel i liten grad prega av eigenskapane til instrumentet, noko som resulterer i ein hard, uforløyst sound med få nyansar. Det musikalske språket hans er generelt nokså grovkorna med eit lett kjenneleg repertoar av ornament, dynamiske effektar og andre speletekniske grep som raskt tar form av ei slags gjentakande sjølvstivering. Det er med andre ord aldri nokon tvil om kven det er som spelar. Dette er sjølvstivt ikkje på nokon måte feil, og Eide utmerkjer seg heller ikkje som særleg eindimensjonal, samanlikna med andre spelemenn frå same generasjon. Det at alle slåttane ber den umiskjennelege signaturen til Eide er desto meir interessant andsynes konseptet dokumentasjons-CD. Kva er det eigentleg som blir dokumentert: slåttane sjølve, stilen i kjeldene eller Eides eigen stil? I alle høve bidreg ei innspeling med ein markant spelemann til å definere premissane for framtidige tolkingar på eit heilt anna og meir autoritært vis enn eit (ope) notebilde. Med desse føresetnadene blir dokumentasjon eit uturvande og misvisande prefiks som òg tar merksemda bort frå det at *Slåtter* står på egne bein som musikk, korkje meir eller mindre.

Mats Johansson